



Til kommunane Fedje, Austrheim, Masfjorden,
Lindås, Radøy, Modalen og Meland

Dato: 03.02.2015
Vår ref.: 2014/166-25
Saksbehandlar: bjomidt
Dykkar ref.: «REF»

Nordhordlandspakken - uttale

Hordaland fylkesutval har i møte 29. januar 2015 vedteke slik fråsegn:

Uttale om Nordhordlandspakken

«Fylkesutvalet viser til fylkestinget sitt vedtak i sak 90/2014 om Nordhordlandspakken, pkt. 4c:

"Fylkestinget går inn for at den ufordelte ramma på 100 mill. kr i pakken hovudsakleg vert nytta til tiltak på vegnettet i Meland kommune (fylkesveg 564 Fløksand-Vikebø), i tillegg til at den kan fungere som ein buffer mot eventuell kostnadsauke og inntektssvikt i pakken".

Uttale

Fylkesutvalet er kjend med at ordlyden i vedtaket har skapt ein del utryggleik i Nordhordlandsregionen omkring viljen og evna til å gjennomføre utbetringstiltak på fylkesveg 564 Fløksand-Vikebø, der det vert vist til siste delen av vedtaket om buffer mot eventuell kostnadsauke.

Fylkesutvalet vil presisere at med fylkestingets vedtak av 10.12.2014 i sak 90/2014 inngår Fv 564 Fløksand-Vikebø (med ei investeringsramme på opp mot 100 mill. kr) som eitt av dei 19 prosjekta i Nordhordlandspakken. Alle prosjekta i Nordhordlandspakken skal gjennomførast. Risikoen for at eitt eller fleire prosjekt i pakken eventuelt ikkje kan gjennomførast, vil vere knytt til om Nordhordlandspakken på sikt skulle få problem med finansieringsevne/nedbetalingsplan i forhold til føresetnadene i stortingsproposisjonen. Med ei avgrensa innkrevjingsperiode på 12 år, føreset lånerente (6,5 %) og ekstra inntekter frå bomstasjon i Isdal (som til no ikkje er rekna inn i finansieringsplanen), er det etablert eit godt utgangspunkt for berekraftig økonomi i Nordhordlandspakken.

Konklusjon

Fylkesutvalet legg til grunn – og vil arbeide for at prosjektet Fv564 Fløksand-Vikebø vert realisert som del av Nordhordlandspakken.»

Med helsing

Tom-Christer Nilsen
fylkesordførar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.